

Ervingen

Nr. 1-2
Mars -75
10. årg.

LAGSBLAD FOR BONDEUNGDOMSLAGET ERVINGEN

Bondeungdomslaget
Ervingen

75 år

Gimle i Ervingen si eige i 60 år.

Eigedomen Gimle er bygd i 1898 som godtemplarhus. Dei første 15 åra var Ervingen utan lagshus og tilskipingane vart haldne på ulike stader kringom i byen.

I 1907 var det planar om å setja av pengar frå ein marknad til eige hus, men først i 1909 gjorde David Hauge framlegg til marknaden om at «Yverskotet gjeng til eige hus.» Marknaden i 1911 gjekk også til same føremålet.

På eit ordskifte i 1913 var dei samde om at: «Det er nærepa ei livssak for Ervingen aa faa seg eige hus, um ikkje so lenge.»

Formannen tinga med dei andre mållaga i Bergen om samarbeid, men utan resultat.

I styremøte den 19. mars 1915 ligg det føre at Ervingen kan få kjøpa eigedomen Gimle for kr. 135.000, og i lagsmøte 30. mars vart det vedteke: «Laget gjev styre fullmakt til aa kjøpa Gimle,» og i møtet 5. mai kan formannen melde at Gimle er kjøpt.

I lagsmøte 13. oktober drøfta dei om namnebyte på eigedomen. Namn som «Heim», «Vonheim», «Ervingheim» og «Veum», men ved avrøystinga vart det fleirtal for å halda på namnet Gimle.

Huset trong vølast på, det var store trekkfulle glas på nordsida av storsalen, som no og på sørsida, ut mot bakplassen. I 1. høgda var «Dampkjøkenet».

Omvøla måtte utsetjast ei tid for i 1916 måtte huset nyttast til husvære for brannlidne frå storbrannen i byen.

Arkitekt Tryti fekk så i oppdrag å laga teikningar og rekna ut kostnaden for omvøla og han fekk heile omvøla i verk.

Glasa på nordsida vart attmura så det vart heil vegg og Lars

Osa fekk i oppdrag å måla 3 målarstykke der glasa hadde vore.

Det vart lagt bjelkar under loftet og galleriet vart flytt lenger ned, under galleriet vart sett ein prydeleg peis og glasa på sørveggen vart oppmura så det vart plass for varmeradiatorer under. På loftet vart tilskipa mange





«Tett ved stova stod ei bjørk so breid»



Dei tre store i folkemusikken: Sjur Helgeland til venstre, Myllarguten i midten og Ola Mosafinn til høgre



«Noregs nedfallstid»

smårom for tenestefolk.

I 1918 stod så Gimle fram i den form det har i dag.

«Dampkjøkenet» vart også overteke og døypt om til «Matsalen Gimle».

Me har teke ein prat med det tidlegare vaktmeisterparet i Gimle, Valborg og Sigvald Isaksen: «Vi begynte som vaktmesterpar i Gimle i 1922. Før oss var det et ektepar som het Telnes, hun hadde vaskingen, mens han var ansatt et annet sted.»

Isaksen var og vaktmeister for kaffistova «Symra» i Nygårdsgata og han var der 3 gonger for dagen og fyrde. I tillegg hadde Ervingen «Matsalen Gimle» i 1. høgda med kjøken i kjellaren med 10 til 15 tilsette og dei hadde «Skytningsstova aat Ervingen» i Strandgata 77.

Bondeungdomslaget i Bergen hadde nett då kjøpt Hordaheimen og heile eigedomen der Skytningsstova låg. Dei la sak mot Ervingen for å få overta eigedomen sjølv og den første store oppgåva Isaksen fekk, var å flytta

eignelutene til Ervingen vekk frå Strandgata 77.

Ervingen slutta og etter eit par år med «Matsalen Gimle». 1. høgda vart leigd ut til forretningar med lager i kjellaren. Det vart opna ei lita kaffistove i lagsromet i 2. høgda med frk. Mugås som styrarinne. Gimle vart elles nytta til skule opp gjennom åra, ei stund var Myhres skule der, ei stund Den Norske Mellomskulen, seinare Den Norske Realskule, med rektor Seim, seinare kom Danielsen skule, populært kalla «Dannaen.»

Det var hard jobb å vera vaktmeisterpar i Gimle den tida, heile huset skulle vaskast frå loft til kjellar kvar dag, festsal, trappeoppgangar, kafelokale, skulerom og så vidare. 27 store trebenkar måtte berast frå rom til rom ettersom kva huset skulle nyttast til. Etter at festsalen om kvelden hadde vore rydda til dans og benkene var stuva i klasseroma, måtte roma stå klar for skulen att om morgonen.

I byrjinga var det inngang ber-

re frå Kong Oscarsgate og galleriet vart nytta til garderobe. Det var vanskeleg å kontrollere kven som hadde brennevinsflasker med seg då, fortel Isaksen, det kom seg når me fekk opna inngangen frå Almenningen og fekk garderobe nede. Og Isaksen var trufast og påliteleg dørvakt. Det var ikkje mange som kom innom dørene i Gimle som ikkje hadde noko der å gjera så lenge Isaksen stod i døra. Han var litt av ein menneskekjennar og det var ei velfortent medalje for lang og trugen vaktmeisterteneste Isaksen fekk då han slutta etter 40 års arbeid for Ervingen.

Ervingen hadde lite pengar til vedlikehald av Gimle og Isaksen fortel: «Det var vanskelig den tida det var åpen trapp på baksida der toalettgangen er nå, og jeg måtte skrive til bygningsrådet og andre før det gikk i orden med ombyggingen. Det var åpen jernaltan og jerntrapp som gikk ned til skulen sine WC i 2. etasje og den gikk opp igjen på andre siden.»





Vaktmeisterparet Liv og Georg Nyborg i sofakroken på loftet i Gimle.

Avtroppende og påtroppende vaktmeister i Gimle 1963. Georg Nyborg og Sigvald Isaksen til h.

Er det noko spesielt du hugsar frå tida som vaktmeister?

«Ja, en episode bortsett fra krigsårene. På grunn av navnebyttet fra Bergen til Bjørgvin, samlet det seg en masse ungdommer utenfor Gimle. Jeg trodde de skulle inn i Gimle og ramponere så jeg stod i gatedøren jeg, helt alene. Det var en som gikk i Ervingen, han satt oppe i kafeen, han hadde spyttet på denne flokken som kom forbi og dermed skulle de opp og ta han. Jeg stod i døren med jernportene - en i hver neve og sparket dem tilbake etter hvert som de kom. De holdt på å kaste med stein på huset til kl. 1 om natten.» Isaksen klarte brase- ne åleine den gongen. Formannen i laget den gongen, Anders Skaasheim, kom og tilstades, vart attkjend av folket og måtte søkja dekning på politistasjonen.

«Det værste jeg husker var da tyskerne 2 ganger under krigen kom og sa at de skulle bruke Gimle til standrett. Jeg forsøkte å få dem ifra det, men det nøttet ikkje. Det var så mykkje tyskere i

trappeoppgangen og utenfor at jeg kunne ikkje finne ut hvem det var som skulle dømmes.»

Ein gong, fortel Isaksen vidare, vart Gimle nytta som losjihus for folk som trassa portforbodet etter kl. 21 ein søndagskveld. Det var studentfest/hagefest på Årstadvollen hjå familien Blauw og så kom tyskarar og arresterte alle gjestene som måtte overnatta i Gimle. «Eg gikk ner med puter og tepper til de» fortel Valborg Isaksen, «de hadde det så festlig, spilte piano og sang.»

Det var vanskeleg å skaffa pengar til vedlikehald av Gimle. Huset måtte leigast ut så ofte som mogeleg for å gje inntekter og Isaksen gjorde sitt beste. Forutan til Bondeungdomslaget i Bergen og dei andre ungdoms-, bygde- og mållaga i Bergen vart huset leigd ut så ofte det let seg gjera. Øvingane i særлага og kurs som vart haldne måtte ut på skular og leiga seg rom.

Huset trong til vøle. Korleis få råd til det?

Mons Opedal løyste det økono-

miske problemet for oss. Han kom med idéen til det opplegget me har i dag. Gimle vart i 1955 selt til L/L Kaffistova til Ervingen. Kaffistova nyttar av overskottet til å halda Gimle i stand. Dette er ein rein «skatteteknisk vri» og resultatet er:

I slutten av 50-åra vart Gimle oppussa og omvølt under leing av arkitekt Torgeir Alvsaker, Leigebuarane fekk betre vilkår og betre og finare husrom. I staden for å leiga huset ut til skulebruk, fekk me «rolegare» kontorfolk. Nokre av roma i huset er oppussa og vert no nytta til lagsrom. Huset vert kvar sumar ettersett litt etter kvart. Eitt år vart taket vølt, eitt år fyringsanlegget eitt år vart det skifta glas og eit år vart vaktmeisterbustaden på loftet vølt slik at Liv og Georg Nyborg som no er vaktmeisterpar har ein heilt annan og lettare jobb å gjera enn Isaksen fekk.

I 8 år var Bergen klubb og helsestasjon for eldre fast leigebuar.

Laget slepp no springa på byen



for å få møtelokale. Gimle er så tenleg i dag som det er råd å få eit hus frå 1898 til å verte.



Borghild Berntsen ordnar opp på kjøket i Gimle.

Kaffistovene.

Skyttingsstova aat Ervingen i Strandgata.

Til inntekt for lagsarbeidet, skaffa Ervingen seg kaffistover.

Den første vart opna 26/10 1903 i Strandgata 77 og fekk namnet «Skyttingsstova aat Ervingen.» Olav Rusti gav råd om innreieing «etter gamle bruksbunader fraa Sogn.» Marta Kinsarvik rosemåla storskåp og kråskap

Lesestova for lagsfolk fekk rom i same huset, men ei høgd over.

Etter byrettsdom 7. mars 1922 måtte Ervingen flytta frå huset.

Skyttingsstova aat Ervingen på Torget.

Laget leitte etter hus lenger inne i byen til kaffistove og dei fekk 2. og 3. høgda i Torget 15. Helene og Magnus Dagestad frå Voss fekk arbeidet med husbunaden og måling av den nye stova.

Stova vart opna 13. november 1907. Det var så store lokale at dei og kunne servera middag. Denne stova vart også kalla Skyttingsstova aat Ervingen.

Matsalen Symra

I oktober 1918 laut skyttingsstova på Torget slutta. 1. mai 1920 kjøpte Ervingen eidedomen Håkonsgt. 39. Her opna Ervingen Matsalen Symra 12. august. Husbunaden frå Skyttingsstova på Torget vart oppussa så han såg ut som ny. Gardinene vart tinga med lagsmerket innvevd og innbrend i steintyet.

Matsalen Symra vart driven til ut 1941 då eidedomen vart seld.

L/L Kaffistova til Ervingen.

I 1927 skipa Ervingen L/L **Kaffistova til Ervingen**, eit lutlag som opna ny kaffistove i det nyreiste bygget Torgegarden, Strandkaien 2. Kaffistova vart opna 18. juli 1927.

Arkitekt for innreiinga var Torgeir Alvsaker og styrarinne vart Turid Huke.


Denne kaffistova har Ervingen enno og det er **L/L Kaffistova til Ervingen** som også driv Gimle.

Kaffistova har gått gjennom fleire omvølingar fram til i dag og stig no fram som ein moderne kafeteria i det største kafelokalet i Bergen.


Dugande formenn og leiarar for L/L **Kaffistova til Ervingen** har vore Kornelius Hvidsten, Mons Opedal, Trygve Nerhus og no er Petter Hole leiar. Forretningsførar har vore Anders Eri og no Olav Ånneland som og har lagt ned mykje ueigennyttig arbeid for Ervingen.



Til 1920 «Dampkjøkkenet», så «Matsalen Gimle» til 1924. I dag er det møbelforretning i lokalet.



Matsalen Symra var i andre høgda i dette huset. Hest og kjerre står i vegen for trikken til Minde.



Skjyttingsstova aat Ungdomslaget „Ervingen“, Strandgata 77, Bergen.



«Den 17de mai skriv: All husbunaden er av eik i myrke fargar, sterkt, stilig, stødigt, trygt. Sumt av det, som høgsete og eit kraaskap er reint mynster paa treskurd og god stil. Dekorasjonane, som er maala av fru Dagestad, er klaare og prydande.



Slik såg kaffistova på Strandkaiaen ut ved opninga med hakekross og solfuglmerke på veggene. Møblane er no å finna på Eidsholmen.



Du treffer alltid kjentfolk på

**KAFFISTOVA
TIL**

Ervingen

Torgegaarden, Strandkaiaen 2



God og rimeleg mat
i trivelege lokale